

Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen

Kontrollspørsmål

1. Utarbeider kommunen ein individuell plan som blir fastsett med enkeltvedtak?	Ja/Nei
1.1. Utarbeider kommunen ein skriftleg individuell plan som samla til eitt heilskapleg dokument?	
1.2. Ligg ein individuell plan som fyll minstekrava i lova og er utarbeidd av kommunen føre innan tre månader etter busetjing i kommunen, eller etter at krav om deltaking er framsett?	
1.3. Inngår den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap som ein del av den individuelle planen for heile introduksjonsprogrammet?	
1.4. Samarbeider dei i kommunen som er ansvarleg for introduksjonsprogrammet (flyktningteneste/NAV/programrådgjevar) med dei som er ansvarleg for norskopplæringa (vaksenopplæringa/skulen/lærar)?	
1.5. Er innhaldet i den individuelle planen grunngjeve?	
1.6. Blir det i den individuelle planen vist til introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd?	
1.7. Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg skriftleg underretning om fastsetjinga av den individuelle planen?	
1.8. Blir det opplyst om rett til å klage, klagefrist, klageinstans, den nærmere framgangsmåten ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka?	
2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?	Ja/Nei
2.1. Har kommunen gjennomført ei kartlegging av kompetansen og opplæringsbehovet til deltakaren?	
2.2. Har kommunen rettleia deltakaren om kva den individuelle planen er og kva som er føremålet med planen?	
2.3. Er den individuelle planen utarbeidd i samråd med deltakaren?	
2.4. Vurderer kommunen i kvart enkelt tilfelle om det er naudsynt med tolk?	

2.5. Bruker kommunen tolk om det er naudsynt?	
2.6. Går deltakaren sine mål fram av den individuelle planen?	
2.7. Skiljast det mellom mål som ligg innanfor ramma av programmet, og dei som ligger lengre fram i tid?	
2.8. Inneheld planen både hovudmål og delmål?	
2.9. Viser planen kva framdrift som er forventa for dei ulike måla?	
2.10. Er måla i deltakaren sin individuelle plan i samsvar med introduksjonslova sitt formål og siktemåla i § 4 første ledd om grunnleggjande dugleik i norsk, grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv og førebuing for deltaking i yrkeslivet?	
2.11. Er måla for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap fastsett i samsvar med nivå, kompetansemål og emne som omtala i forskrifta om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar?	
2.12. Har kommunen grunngjeve og dokumentert si avgjerd om programmet sitt innhald i den individuelle planen i tilfelle kor kommunen og deltakaren er usamd om innhaldet?	

3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?	Ja/Nei
3.1. Går tidspunktet for starten og lengda på programmet fram av den individuelle planen?	
3.2. Er dei tre obligatoriske innhaldselementa norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknyting til yrkeslivet med i den individuelle planen?	
3.3. Går det fram av den individuelle planen kva tid tiltaka skal bli gjennomført (tidsfasar)?	
3.4. Går det fram av den individuelle planen kven som har ansvaret for å gjennomføre dei ulike tiltaka (ansvarstilhøve)?	
3.5. Går det fram av den individuelle planen korleis deltakaren skal få gjennomført pliktige timer i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 innanfor ramma av programmet?	

4. Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?	Ja/Nei
4.1. Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i programmet?	

4.2. Følgjer kommunen opp deltakaren sin framgang i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.3. Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering minst ein gong i halvåret?	
4.4. Blir den individuelle planen tatt opp til ny vurdering ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?	
4.5. Blir det gjort ei ny vurdering både for planen for introduksjonsprogrammet og for planen for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap?	
4.6. Blir revideringar i planen gjort i samråd med deltakaren?	

5. Blir vesentlege endringar i den individuelle planen fastsett ved enkeltvedtak?	Ja/Nei
5.1. Får deltakaren varsling på førehand og høve til å uttale seg før kommunen fastset vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.2. Blir vesentlege endringar i planen gjort skriftleg (ev. får deltakar ny skriftleg plan)?	
5.3. Grunngjев kommunen avgjerala om vesentlege endringar i planen?	
5.4. Gjev kommunen deltakaren så snart som mogleg underretning om fastsetjinga av vesentlege endringar i den individuelle planen?	
5.5. Blir det ved rettleiinga om vesentlege endringar i den individuelle planen opplyst om klagerett, klagefrist, den nærmere framgangsmåten ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka?	